

# Informasjon ved tilsyn

Du får denne informasjonen fordi Mattilsynet skal føre tilsyn hos deg. Her seier vi kvifor vi kjem, korleis inspeksjonen skal skje, og kva rettar og plikter du har under og etter inspeksjonen.

## KVIFOR KJEM MATTILSYNET PÅ INSPEKSJON?

Mattilsynet fører tilsyn med etterlevinga av regelverk som gjeld

- produksjon og omsetning av mat, inkludert vatn og kosttilskot
- dyrehald, inkludert fisk og privat kjæledyrhald
- behandling av biprodukt
- planter
- kosmetikk og kroppsspleieprodukt
- veterinærar og anna dyrehelsepersonell
- omsetning av legemiddel utanom apotek

Den som er ansvarleg for desse aktivitetane, pliktar å passe på at regelverket blir følgt.

For å kontrollere at du følger reglane som gjeld for deg, kan vi føre tilsyn hos deg. Som regel fører vi tilsynet i form av inspeksjon.

Bakgrunnen for at du kontrollerast kan vere rutinemessig tilsyn, oppfølging etter tidlegare tilsyn eller etter bekymringsmelding frå publikum.

## INSPEKSJONAR ER OFTAST IKKJE MELDE PÅ FØREHAND

Inspeksjonar skal som hovudregel gjennomførast utan at vi melder frå på førehand. Det er for å få eit realistisk inntrykk av korleis du følger regelverket i det daglege.

## VI FORTEL KVEN VI ER, KVIFOR VI KJEM OG KVA VI SKAL KONTROLLERE

Inspektøren skal starte inspeksjonen med å vise legitimasjonskortet frå Mattilsynet, fortelje kvifor vi kjem og kva vi skal kontrollere. Inspektøren skal informere deg om lovheimelen for tilsynet om du ikkje er kjent med han frå før.

Du har rett til å ha med deg nokon. Om du ikkje ønskjer å vere åleine med inspektørane frå Mattilsynet, har du rett til å ha

med ein person etter eige val. Personen må kunne kome til staden innan rimeleg tid, slik at inspeksjonen ikkje må utsetjast. Mattilsynet avgjer kva som er rimeleg ventetid.

## DU HAR RETT TIL Å KLAGE PÅ AT INSPEKSJONEN GJENNOMFØRAST

Om du meiner inspeksjonen ikkje skal gjennomførast, kan du klage munnleg eller skriftleg på staden. Om du som ansvarleg for verksemda ikkje var til stades sjølv, kan du likevel klage. I så fall må du klage snarast mogleg, og seinast innan tre dagar. Inspektøren vil ta stilling til om det er naudsynt å gjennomføre inspeksjonen der og då. I dei fleste tilfelle vil inspeksjonen bli gjennomført.

Opplever du at inspektørane har opptrekk kritikkverdige, kan du melde det til oss via knappen "Varsle oss" på [mattilsynet.no](http://mattilsynet.no).

## PLIKTA DI TIL Å BIDRA

Du pliktar å bidra til at inspeksjonen kan gjennomførast slik han er meint. Det betyr at når Mattilsynet kjem på inspeksjon, må du gje inspektøren uhindra tilgang til stadene og lokala der du driv aktivitet som omfattast av regelverket vi fører tilsyn med.

Du har også plikt til å gje Mattilsynet relevante opplysningar. I tillegg kan du bli beden om å hjelpe til ved eventuell prøvetaking.

## MATTILSYNET SKAL DOKUMENTERE INSPEKSJONEN

Inspektørane frå Mattilsynet skal dokumentere observasjonane sine. Difor har inspektørane rett til å notere og ta bilete og video. Dette sikrar retten din til å få vite kva vi legg til grunn for avgjerdene våre, og for at desse kan overprøvast ved ei eventuell klage- eller domstolsbehandling.

Etter tilsynet skal inspektøren gjennomgå funna frå inspeksjonen saman med deg og fortelje deg kva som skjer vidare.

## OPPFØLGING ETTER INSPEKSJON

Om vi ikkje finn nokre avvik, får du brev med informasjon om dette.

Om vi vurderer at regelverket er brote, får du brev der vi skildrar observasjonane frå inspeksjonen og gjev deg eit førehandsvarsel om at vi vurderer å fatte vedtak om at du må rette opp det som ikkje er i orden. Du får ein frist til å uttale deg om førehandsvarselet slik at du kan rette eventuelle feil i brevet og kommentere korleis du ser på saka. Om du rettar feilen allereie etter å ha motteke førehandsvarselet, må du melde frå til oss om dette.

Når fristen for å uttale seg har gått ut, vil Mattilsynet vurdere ei eventuell uttale frå deg. Du får deretter eit nytt brev der vi enten avsluttar saka eller informerer deg om at vi har fatta vedtak om kva du må rette opp.

Om det hastar at du rettar opp noko som er feil, kan vi la vere å førehandsvarsele vedtaket. Da får du eit hastevedtak direkte frå inspektøren på tilsynet.

Du må rette deg etter vedtaket frå Mattilsynet innan fastsett frist og melde frå til oss når alt er i orden. Om du ikkje følgjer opp vedtaket, har Mattilsynet høve til å bruke strengare verkemiddel.

Du kan klage på vedtaket frå Mattilsynet. Som hovudregel har du rett til å sjå dokumenta i saka.

## GEBYR

Om Mattilsynet meiner det er naudsynt å gjennomføre ein ny inspeksjon for å kontrollere at du har følgd opp eit vedtak, blir du pålagt gebyr. Her gjeld det nokre unntak for nokre saksområde.

## KONTAKT OSS OM DU VIL VITE MEIR

Du har rett til å få rettleiing om regelverket og saksbehandlinga. Dette betyr at du kan krevje å få vite kva slags regelverk som gjeld, kvar du finn regelverket og korleis ein skal forstå dette regelverket. Du har også rett til å få vite korleis saka di behandlast og kva rettar du har.

Du finn kontaktinformasjon på [mattilsynet.no](http://mattilsynet.no), eller du kan ringe oss på 22 40 00 00.

Du finn også meir informasjon på dei ulike temaside på [mattilsynet.no](http://mattilsynet.no)